

- du finn oss i skog,
mark og fjøre, uansett fjøre!

RØRSTADMARKA BARNEHAGE

ÅRSPLAN DEL 2 KALENDERPLAN 2022-2023

INNLEIING

INNHALD

- Innleiing s. 2
- Bursdagsfeiring og dagsrytme s. 3
- Personal s. 4
- Barnegrupper s. 5
- Hovudtema s. 6
- Metodiske opplegg s. 7
- Marihøna s. 8
- Bikuba s. 9
- Humla s. 10
- Utegruppa s. 11
- Kalenderdel s. 12 - 37
- Overgangar s. 38
- Barnehagerute s. 39

KALENDERPLAN

Denne årsplanen er utforma som ein kalender. Kalenderdelen er utforma som ein vanleg kalender der vi legg inn det vi kjenner til om fridagar, planleggingsdagar, felles arrangement, bursdagar osv. Kvar avdeling og gruppe skriv litt om seg sjølv i denne planen. Kvar månad skriv vi litt generelt om kva vi skal drive på med under periodens tema. Gruppene sender ut eigen periodeplan når det blir nytt tema.

E-POST

Periodeplanar, vekeplanar og anna informasjon blir sendt ut med e-post. Pass på å gi barnehagen beskjed ved endring av e-postadressa.

Rørstadmarka barnehage SA
Rørstadmarka 25, 6035 FISKARSTRAND

Tlf: 70 19 40 50

Kontoret: tast 1

Marihøna: tast 2 (469 17 387)

Bikuba: tast 3 (468 66 215)

Humla: tast 4 (468 99 479)

Utegruppa: tast 5 (468 45 762)

E-post: post@rorstadmarka-barnehage.no

Nettside: <http://rorstadmarka.barnehage.no>

Følg oss på Facebook!



**Barnehagen er medlem av PBL,
Private Barnehagers Landsforbund**

BURSDAGSFEIRING

Bursdagane blir feira på barnet si gruppe.

Vi flaggar for barnet og heng ut bursdagslapp på ytterdøra. I forkant av dagen får barnet lage seg bursdagskrone og får velje kva mat vi skal ha den dagen. Da kan dei velje mellom:

- Grønsaker og dip
- Frukt med vaniljekesam
- Grønsaksuppe med brød
- Tomatsuppe med brød og evt. egg
- Havregrynsgraut
- Smoothie

Barnet får velje sjølv kva vi skal gjere på i bursdagssamlinga. Det kan vere ein lek, lese favoritt boka/eventyret, ha songsamling og liknande. Barnet får sitte i bursdagsstolen med bursdagskrone, vi syng bursdagsong og vi koser oss med god og sunn bursdagsmat (Marihøna har eigen meny som barna kan velje frå.)

Desse symbola blir brukt i kalenderen når eit av barna har bursdag:



5 om dagen tilsvarar fem porsjonar grønnsaker, frukt og bær. Halvparten bør vere grønnsaker, den andre halvparten frukt eller bær.

DAGSRYTME

06.30	Barnehagen opnar. Vi et frukost og leikar
09.00	Frukost er ferdig
09.30-14.00	Gruppedeling og tilrettelagte aktivitetar (sjå vekeplan) og lunsj.
Ca 14.00	Lett måltid inkludert frukt Frileik inne og ute
16.30	Barnehagen stenger

Dagsrytma kan sjåast som eit rettleiande verktøy i planlegginga vår. Sjå kalender i KidPlan for dagsrytma som gjeld dei ulike gruppene/avdelingane.

5 OM DAGEN

Rammeplan for barnehagen seier at vanar og handlingsmønster tek form allereie frå tidleg alder. Helsedirektoratet skriv i sine anbefalingar for mat i barnehagen at det bør serverast grønnsaker og frukt eller bær kvar dag. Som 5 om dagen-barnehage serverer vi oppkutta grønnsaker og frukt til lunsj og ettermiddagsmåltid. Vi anbefalar foreldre å legge ved litt frukt og grønt til barna som har med eigen frukost eller lunsj.

PERSONALET

MARIHØNA

BIKUBA

HUMLA

UTEGRUPPA

KONTORET

ANNE

KRISTINE

REBEKKA

ANETTE

KRISTIN

ANCA

STINE

BRITA

SOFIE

TRINE

HELENE

ELIN

MARTINE

WENCHE

LINDA

LINDA



Rørstadmarka barnehage, tlf. 70 19 40 50



BARNEGRUPPENE

MARIHØNA

MATHILDE S.

MATHILDE M.

ULRIK

BASTIAN

SYNNE

AILO

ELEAH

MARIUS

FREDRIK

ALEAH

ELLA

INE

KORNELIA



BIKUBA

NOA

LUKAS

MICAIAH

PHILLIP

ELINE

KAJA

HUMLA

OLE PETTER

MAGNUS

OLE

ELISHA

TUVA

MATEUSZ

TRYM

ZOFIA

EMIL

OLAV

HÅKON

ELEAH

LEON

MARCUS

SANDER

CASPER

OMAR

NICOLAUS

OLAI

TORJE

RAVN

SOLVÅR

THEA

UNNI

SØLVI

UTEGRUPPA

DAVID

ANNABELLE

JONAS J.

MARTIN

LIANE

MICHELLE

SIGURD

LEDVIN

PAULINE

CELINA

JONAS T.



«Fortel slik at barnet får lyst til å lytte! Lytt slik at barnet får lyst til å fortelje!»

Kommunikasjon og språk er ein viktig del av barnehagen sitt innhald. I Rammeplan for barnehagar er det i lag med tekst omtalt som eit av barnehagens sju fagområder barnehagen skal jobbe med gjennom heile året.

«Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.» (Kunnskapsdepartementet, 2017)

Dei sju fagområda i Rammeplanen er *Kommunikasjon, språk og tekst*, Kropp, rørsle, mat og helse, Kunst, kultur og kreativitet, Natur, miljø og teknologi, Mengd, rom og form, Etikk, religion og filosofi og Nærmiljø og samfunn.

I Rørstadmarka barnehage har vi god erfaring med å jobbe under eit felles overordna tema heile året, og så legg vi alle fagområda med inn under dette. Det betyr at alle avdelingane jobbar med same tema, men kjem sjølvstilt til å tilpasse tema til eiga aldersgruppe. Overordna tema for dette barnehageåret er SPRÅK. Dialog, lytte, forstå, skape mening, rim og rytme, song, eventyr, lese bøker, leik med språk, samtale og mykje meir. Vegen inn til dette temaet har vi valt å ta gjennom tre bøker av Torbjørn Egner: Hakkebakkeskogen, Karius og Baktus og Kardemomme by. Dei tre bøkene får tre månadar kvar, og blir presentert nærmare i kalenderdelen i denne årsplanen.

Språk er ein nøkkelfunksjon i samfunnet. Barnet si språkutvikling startar sjølvstilt lenge før det startar i barnehagen, og språk og kommunikasjon er meir enn ord. Vi brukar både blick, kropp, stemmeleie i lag med orda våre. Barna treng kommunikasjon i samspel, leik, formidling, humor, forståing, m.m. Vi vaksne skal stimulere og støtte barna si utvikling, vere språklege førebilder og sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler.

VI JOBBAR MED

TRAS

*Tidleg Registrering Av Språkutvikling
- i dagleg samspel*

I lag med alle barnehagane i Sula kommune, brukar vi regelmessig eit kartleggingsmateriale som skal auke kunnskapen rundt barna si språklege utvikling, samt bidra til at barn som strevar med språkutviklinga blir registrert og får hjelp på eit tidleg tidspunkt.

Utarbeidd av: Bredtvet kompetansesenter.

ALLE MED

Dette er eit observasjonsskjema som gir eit heilskapleg bilde av kva barnet meistrar. *Alle med* dekker seks utviklingsområde: leik, trivsel, kvardagsaktivitetar, sansemotorisk utvikling, språk og sosio/emosjonell utvikling. Dette er eit observasjonsmateriale som følger barnet frå 1-6 år og som er til hjelp for personalet i det pedagogiske planleggingsarbeidet.

BARNEMAPPE

Kvart barn får si eiga barnemappe når dei startar i barnehagen. I denne vil vi samle bilete, teikningar, meistringar og opplevingar som barnet har hatt i barnehagen. Dette gjer vi for å kvalitetssikre og dokumentere arbeidet vårt i barnehagen. Barnet får den med heim når det sluttar i barnehagen.

GRØNE TANKAR - GLADE BARN



Barnehagane, skulen, PPT og helsestasjon i Sula kommune har eit prosjekt som heiter Å førebygge meir for å reparere mindre. Arbeidet med *Grøne tankar - glade barn* er eit ledd i dette prosjektet. Eit av måla er at barna skal møte likt språk i barnehage og skule, uavhengig kvar på Sula dei bur.

Psykologisk førstehjelp handlar om å kunne gjenkjenne tankar og dei kjenslene desse fører til. Når noko er vanskeleg gjeld det å kunne snakke til oss sjølv på ein måte som hjelp. Barn som lærer å vere omsorgsfulle mot seg sjølv, vil også lettare kunne vere ei støtte for andre. Metoden *Grøne tankar - glade barn* er eit godt utgangspunkt for å trene opp desse ferdigheitene.



MARIHØNA

BARNA:

Mathilde S.

Mathilde M.

Ulrik

Bastian

Synne

Ailo

Eleah

Marius

Fredrik

Aleah

Ella

Ine


Kornelia

«Omsorg og trygghet, ein god start på

På Marihøna finn ein dei minste barna på barnehagen. Mange barn og foreldre møter barnehagelivet for første gong, noko som kan kjennast rart og litt skummelt. Omsorg og tryggleik står i fokus, og dei vaksne er mykje på golvet saman med barna der vi leikar, les eller berre har dei på fanget når dei treng det. Vi jobbar for at barna skal bli trygge, og da er det viktig at vi er tilgjengelege der dei er. Vi har fokus på gode rutiner og forutsigbarheit, i tillegg er eit godt samarbeid med foreldra særst viktig sida dei kjenner barna sine best. Ein god relasjon er viktig for at vi skal kunne ivareta barnet på best mogeleg måte.

Vi liker godt å vere ute, og på Marihøna prøver vi å vere ute minst ein gong per dag. Mykje nedbør og kaldt ver kan begrense utetida noko på vinterstid for dei aller minste. Elles er vi ute så mykje det lar seg gjere.

Vi jobbar med sjølvstendigheit gjennom barnehageåret. Det at barna får tid og rom til å prøve sjølv, utforske og undre seg er grunnlag for utvikling, læring og meistringsglede. Vi skal sjå kvarandre, ta vare på og hjelpe kvarandre i ulike situasjonar. Vi skal leike, ha det moro og utvikle oss gjennom barnehageåret.



BARNA:

Noa

Lukas

Micaiah

Phillip

Eline

Kaja

BIKUBA

«Det har eg aldri gjort før - så det klarer eg heilt sikkert»

Det skal bli kjekt å bli kjent med ulike Torbjørn Egner bøker dette året. Sjølv om vi ikkje les alle bøker frå perm til perm så kan vi jobbe godt med den. Ved hjelp av bilde skal vi bli kjent med ulike karakterar og lære oss namna på desse, vi skal høyre musikk og danse.



Livsmeistring

Vi skal jobbe for at alle i gruppa skal trivs og ha fine dagar i barnehagen. Når vi har det kjekt ilag, flirer, tuller og er trygg så møter ein også utfordringar på ein annan måte.

Barna likar å prøve sjølv og blir glad og stolt når dei meistrar!

Språkutvikling

Barna er i ein alder der dei lærer fleire nye ord og dei vil sette ord saman til setningar.

Vi skal lytte til barnet og vi skal utvide språket. Vi sett navn på det vi gjer og det vi ser. Vi les bøker, fortel eventyr og vi bruker språket aktivt ilag med barnet.

Leik

Å samhandle med dei andre barna er ein viktig del av kvardagen. Det er kjekt å samarbeide, lage noko ilag og ha felles opplevingar vi kan snakke om.

Vi øver på å dele, spørre om å bytte/låne etterpå og å vente på tur.

BARNA:

Ole Petter
Magnus
Ole
Elisha
Tuva
Mateusz
Trym
Zofia
Emil
Olav
Håkon
Eleah
Leon
Marcus
Sander
Casper
Omar
Nicolaus
Olai
Torje
Ravn
Solvår
Thea
Unni
Sølvi

HUMLA

«Alle skal ha ein venn»

- «*Torbjørn Egner*» er årets felles tema. Gjennom barnehageåret skal vi bli kjende med, og ikkje minst gå i dybden på ulike kjente og kjære forteljingar og skikkelsar frå Egners univers. Korleis vi på Humla skal jobbe i dei ulike periodane kjem fram i periodeplanar og vekeplan.

Starten på barnehageåret nyttast til å bli betre kjent. På Humla blir det i år nokre som er godt kjent med avdelinga frå før, andre kjem over frå Marihøna eller Bikuba, og for nokre er barnehagen vår heilt ny. Vi skal sjølvsgatt etter kvart bli kjent med turmål i nærområdet som er nye for nokon. Men først skal vi bli godt kjent med uteområdet vårt og avdelinga. For nokre kan overgangen til eit nytt barnehageår bli litt utfordrande, medan andre tar det lettare. Dette er noko vi er merksame på og skal fange opp.

Å meistre sjølv er alltid kjekt. Om det er å gå på do, vaske hender, kle på dressen, henge på plass eller rydde etter seg er det alltid ei god kjensle når det blir lagt merke til. Vi vaksne skal gi barna utfordringar som passar den enkelte.

Leiken er ein viktig del av kvardagen vår. Vi skal legge til rette for eit godt leikemiljø der vaksne deltar, utvikler og skapar gode stunder ilag.

Språk er eit viktig tema både i planlagde aktivitetar og ikkje minst i det daglege samspelet. Språket er med oss i leiken, i lese-kroken, ved måltidet, på badet, i garderoba og i utetida.



UTEGRUPPA

«Eg høyrer og gløymer, eg ser og hugsar, eg gjer og forstår»

BARNA:

David
Annabelle
Jonas J.
Martin
Liane
Michelle
Sigurd
Ledvin
Pauline
Celina
Jonas T.

«SPRÅK» er overordna tema for heile barnehagen dette året. For barna på Utegruppa vil arbeid med språket vere i fokus i det meste vi gjer. Språk som kommunikasjonsmiddel vil vere viktig, klarer vi å forstå? Gjer vi oss forstått? Tek vi imot beskjedar og klarer vi å sile informasjon? Vi vaksne skal vere gode språkmodellar, utvide og støtte barna i deira språkutvikling. Gjennom Egner sine tre bøker, Klatremus og de andre dyrene i Hakkebakkeskogen, Karius og Baktus og Folk og røvere i Kardemommeby, som barnehagen skal jobbe med dette året skal vi lese, leike, dramatisere, skape og undre oss. Det å kunne gå i djupna på eit tema over lengre tid, gjer at vi får jobba grundig og systematisk, også med språket.

Det er ikkje i barnehagen barna skal lære å lese og skrive, men vi vil følgje barna sine interesser og legge til rette for at dei vert nysgjerrige også på skriftspråket og bokstavane. Det er gjennom leik med lydar og ord, leikeskriving og rim/regler at dei viktigaste grunnsteinane til den vidare lese- og skriveopplæringa vert lagt. Elles vil temaet vårt vere gjennomgåande i arbeidet med alle fagområda, i kvardagsaktivitetar og i leiken. De vil få meir detaljerte planar for kvar periode i periodeplanane våre og på kalenderen i KidPlan.

Om lag to gonger i veka vil vi ha SKOGGRUPPE. Når vi har skoggruppe startar vi med å ha ei felles samling der vi fortel om kvar vi skal på tur, blir einige om kva vi skal kle på oss og kva vi treng å pakke med oss. Barna skal øve på å bli mest mogleg sjølvstendige og deltakande, og skal prøve å pakke sjølv det dei treng i sekken sin. Vi går så på tur, leikar oss og gjennomfører eventuelle aktivitetar vi har planlagt. Når vi er tilbake i barnehagen skal vi gjenfortelle det vi har gjort. Då må alle barna øve på å hugse noko vi gjorde eller såg på tur. Alle barna får fortelje etter tur, vi skriv ned og lagar ei felles historie frå turen. Barna får teikne frå turen i si eiga skoggruppe-bok.



AUGUST

«TILKNYTNING»

I august er det mange barn som er nye i barnehagen. Den første tida er viktig for å få ein trygg og god start i barnehagen. Vi vaksne har ansvar for å legge til rette for ein god start, og gi barnet tid og rom for å bli godt kjend. Måten vi gjer det på i Rørstadmarka barnehage er at barnet får ein av dei tilsette som primærkontakt ved oppstart. Primærkontakta skal setje av god tid til det nye barnet og foreldra. Slik kan tilknytningstida bli ei god og positiv oppleving for alle saman. I tida framover er det behov for tett oppfølging av både barn og foreldre. Slik skapar vi tillit og gode relasjonar som vi kan bygge vidare på.

Når det gjeld overgangar internt i barnehagen brukar det å skje når barna kjem tilbake frå sommarferie. Barnet byttar då avdeling og får ny plass. I tida før sommaren passar vi på å gå på besøk med dei barna som skal over til ei av dei andre delingane. Dette er ofte veldig populært, og ein fin måte å bli kjent med barna og dei vaksne på den andre avdelinga.

Fokus denne månaden:

- Bli trygg nok på si eiga avdeling til at avskjeden med foreldra går fint
- Bli trygg på uteområdet til barnehagen
- Knytte nye relasjonar og bli kjent med nye barn og vaksne
- Gå på små turar i nærmiljøet




Velkommen sangen

*(Siri) er her,
og (Arne) er her.
Takk og pris for at (Anja) er her.
I vår lille ring har vi (Tor) her i
dag,
Og (Anne) er her det er bra –
Hipp hurra!*



August 2022



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
31	1 Kornelia 1 år! 	2	3	4	5	6	7
32	8 Olav 4 år! 	9	10 Torje 3 år! Celina 5 år!  	11 Håkon 4 år! 	12	13	14
33	15	16	17	18 Planleggingsdag, bhg er stengt.	19	20	21
34	22	23 Ravn 3 år! 	24	25	26	27	28
35	29	30	31 Mathilde S. 2 år! 				

HAKKEBAKKESKOGEN

I september byrjar vi å gjere oss kjende med Hakkebakkeskogen og dyra som bur der. Boka av Torbjørn Egner er ein klassikar som har blitt ein viktig del av vår felles kulturarv og sjølv om den vart skriven for om lag 70 år sidan er den stadig like aktuell! Torbjørn Egner skreiv sjølv at «Hakkebakkeskogen er ei dikta lita verd som på mange måter kan minne om vår eiga store verd. Og Klatremus og Morten og Bamsefar og Mikkell og alle dei andre i skogen er ikkje vanlege dyr, men fantasiskikkelsar som låner litt i sin veremåte både frå dyr og mennesker. Dei har dyra sine namn og litt av deira utsjånad, men har og klede på seg, går på to bein og bur i hus og minner litt om oss mennesker i mykje av det dei gjer, seier og tenkjer. I Hakkebakkeskogen er det også, likesom hjå oss i den store verda, ei lengsel etter fred og trygghet og respekt for kvarandre. Lille Morten Skogmus seier det slik: *Vi kunne ha det godt her i skogen dersom alle var vener og dei store let dei små være i fred. Så kunne dei store hjelpe dei små, og dei små hjelpe dei store, for det er mykje vi små kan, som dei store ikkje kan. Det var Mortens ord, og det er jo ganske fornuftig sagt av ei lita mus.»*



Denne hausten skal vi arbeide med dei 7 fagområda i Rammeplanen for barnehagane med Hakkebakkeskogenbriller på oss. Vi skal øve sosial kompetanse, lære om dyra i skogen, undre oss over kva som er rett og gale, lese, synge, ta i bruk kreativ tenking og skaparglede, øve oss på antall, rom og form og mykje meir!



Bilda er henta frå Klatremus og de andre dyrene i Hakkebakkeskogen, Cappelen Damm.

Reve-vise

*Jeg heter Mikkell rev,
har reve-nesegev
og revesvans og vakker pels
og går på tærne hev.*

*Jeg legger meg på lur
i busker, stein og ur*

og snapper opp

*hver liten musekropp som går
en tur.*

Jeg sier "BØH!"

og skremmer muse-lurven

og roper:

"Gi meg det du har i kurven!"

Og sier musa nei,


og prøver å fly sin vei

Så en og så to og så tre og så

PLUPP!

er musa spist av meg.

September 2022



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
35				1	2	3	4
36	5	6	7	8	9	10	11
37	12	13	14 Eleah 4 år! 	15	16	17	18
38	19	20	21	22	23	24	25
39	26	27	28	29	30		

OKTOBER

HAKKEBAKKEKOGEN

Morten skogmus er ei klok mus som trass i eigen størrelse får utretta store ting i skogen der han bur. Ein dag får han besøk av bestemora si og det held på å gå skikkelig ille. Bestemor blir nesten spist av Petter Piggsvin, men kjem seg unna. Morten meiner at ein ikkje kan ha det slik i skogen og lager eit forslag til ei ny lov for dyra som bur der:

1. Alle dyra i skogen må være vener.
2. Ingen får lov til å spise kvarandre.
3. Den som er doven og ikkje finner mat sjølv, må ikkje ta mat fra andre.

Det blir holdt møte i skogen, leia av Bamsefar, der lova blir vedteken trass i at verken piggsvinet, reven eller ugla er helt einige.

Lova til dyra i Hakkebakkeskogen kan knytast til demokratiske verdiar og er lett overførbare til livet i barnehagen. Saman med barna kan vi lage egne lover, nytte bilder og tekst og la dei medverke i korleis dei ønsker det skal vere der dei tilbringer store deler av dagane sine.

For å ikkje vere doven og lat, og for ikkje å måtte ta mat frå andre skal vi sjå om vi kan gjere oss nytte av noko av det vi finn i skogen og naturen. Og også hauste det vi sådde på våren her i barnehagen.

Denne månaden skal vi ha hausttur i skogen, kanskje ser vi spor etter dyra frå Hakkebakkeskogen?

I slutten av månaden skal vi også ha ein felles Bamsefest. Då skal vi feire Bamse sin fødselsdag og takke han for at bursdagssangen hans inspirerte Egner til å skrive boka om dyra i Hakkebakkeskogen. Då får barna invitere med egne bamsar til festen og dei skal vere deltakande i planlegging og gjennomføring og slik få medverke i tråd med alder og utvikling.

Visen om Bamsefar

*I skogen skulle være fest
hos Bamsefar i lia,
for Bamse fyller femti år
Omtrent på denne tia.
Gamle snille Bamsen vår
fyller femti år i år.
Hipp hurra for Bamsefar,
som er så snill og rar!*



Bildet er henta frå Klatremus og de andre dyrene i Hakkebakkeskogen, Cappelen Damm.

Oktober 2022



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
39						1	2 Jonas W.T. 5 år! Solvår 3 år! Mathilde M. 2 år!
40	3	4	5 Thea 3 år!	6	7	8	9
41	10	11	12	13	14 Leon 4 år!	15	16 Ulrik 2 år!
42	17	18	19	20	21	22 Bastian 2 år!	23
43	24/31 Unni 3 år!	25	26 Marcus 4 år!	27	28	29	30 Synne 2 år!

NOVEMBER

HAKKEBAKSKOGEN

Det er siste måned der vi skal jobbe med Hakkebakkeskogen. Vi har blitt kjent med dei ulike dyra, vi har lært nye songar og hatt ulike formingsaktivitetar. Mykje av det som skjer i boka kan vi knytte til kvardagen i barnehagen.

Er det greitt å lyge? Kva vil det seie å vere ærleg? Kan vi berre ta det som andre har? Korleis kan vi spørje om å få låne? Kva er ein baker? Korleis måler ein opp ingrediensar til ei pepperkakedeig? Og kanskje nokon vil leike butikk?

Som dykk ser er her mykje vi kan ta med oss i mellom anna leik, språkarbeid og livsmeistring. Mot slutten av månaden skal vi ha ei fellessamling der dei ulike gruppene får vise fram til dei andre noko dei har øvd på eller laga i denne perioden.



Bildet er henta frå Klatremus og de andre dyrene i Hakkebakkeskogen, Cappelen Damm.



Pepperkakebakesang

*Når en pepperkakebaker baker
pepperbakekaker*

*tar han først en stekegryte og en
kilo margarin.*


*Oppi gryta smelter smøret,
og det neste han må gjøre
er å røre sammen smøret og en kilo
med farin.*

- farin er det samme som sukker!

*Og mens smør og sukker skummer
tar han åtte eggeplommer
som han rører rundt i gryta med en
kilo hvetemjøl.*

*Og til slutt i gryta slepper han
en liten teskje pepper,
og så rører man omkring og legger
deigen på ei fjøl!*

November 2022



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
44		1	2	3	4	5	6
45	7 Sander 4 år! 	8	9	10	11	12	13
46	14	15	16	17	18	19	20
47	21	22	23	24 Sølvi 3 år! 	25	26	27
48	28	29	30				

JUL



Desember er ein kjekk månad i barnehagen. Vi har fleire felles samlingar med tema knytt opp mot advent, Lucia, nissar og juleevangeliet. Vi har også felles Luciafeiring og nissefest og vi reiser til kyrkja i lag for å delta på julegudstjeneste. Kvar dag har også avdelingane ei eiga adventssamling. Her har vi ofte høgtlesing av ei bok som vi les litt i kvar dag gjennom heile ventetida fram mot jul.

Advent betyr altså ventetid, og mange kan nok tenkje at det kan vere litt kjedeleg å vente, men venting handlar og om forventning og om å gle seg til noko. I barnehagen skal vi fylle ventetida med gode opplevingar og i desember månad er også sansane våre spesielt i fokus. Vi ser, lyttar, føler, smakar og luktar på jula!

Advent av: Inger Hagerup

*Så tenner vi et lys i kveld, vi tenner det for glede.
Det står og skinner for seg selv og oss som er tilstede.
Så tenner vi et lys i kveld, vi tenner det for glede.*

*Så tenner vi to lys i kveld, to lys for håp og glede.
De står og skinner for seg selv og oss som er tilstede.
Så tenner vi to lys i kveld, to lys for håp og glede.*

*Så tenner vi tre lys i kveld, for lengsel, håp og glede.
De står og skinner for seg selv og oss som er tilstede.
Så tenner vi tre lys i kveld for lengsel, håp og glede.*

*Vi tenner fire lys i kveld og lar dem brenne ned.
For lengsel, glede, håp og fred, men mest allikevel
for fred på denne lille jord,
hvor menneskene bor.*



Desember 2022



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
48				1	2	3	4
49	5	6	7	8 Ailo 2 år! 	9	10	11
50	12 Eleah 2 år! 	13	14	15	16	17	18
51	19	20	21	22	23	24 Julaftan	25 1.juledag
52	26 2.juledag, Barnehagen stengt!	27 Casper 4 år! Barnehagen er stengt! 	28 Barnehagen er stengt!	29 Barnehagen er stengt!	30 Barnehagen er stengt!	31 Nyttårsaftan	


KARIUS OG BAKTUS

I januar, februar og mars, skal vi bli godt kjende med Thorbjørn Egner sine figurar Karius og Baktus, og Jens som eig tennene som Karius og Baktus har flytta inn i.

Vi skal lese boka, gjenfortelle den, vise filmen, lære sangen om å vere trist og glad, og vi skal leike og dramatisere fortellinga. Vi fargelegg, lager dukker og kostymer. Mot slutten av perioden, skal vi ha ei lita førestilling for dei andre.

Når vi les eventyret, kjem vi raskt i eit dilemma, kor det som er bra for Jens, er dumt for Karius og Baktus, og omvendt. Kven skal vi ha sympati med, og korleis kan vi ha forståing for begge sider?

Vi kan også snakke om kva som er bra for kroppen vår. Kva er eigentleg sunn mat, korleis kan vi ha god hygiene, og ikkje minst kva er det som er god tannhygiene?



VERE GLAD SANGEN

Hei, hurra, hurra, hurra!

Vi to har det jammen bra.

Her i tennene til Jens

er vi aldri sukkerlens.

Søte karameller små

er det beste vi kan få

og så det som vi får nå:

Deilig loff med sirup på.

Tra la la la la, tra, la, la, la, la

Tra la la la la la la la



VERE TRIST SANGEN

Alt som var av søtt og godt

det er borte stort og smått.

Alt har børsten feiet bort,

det var veldig dårlig gjort.

Her er

ikke noe nå,

ingen karameller små,

ingen loff med sirup på.

Å, hvordan skal dette gå!

Tra la la la la Tra la la la la

Tra la la la la la la la la

ETTER TANNLEGEN

Å hvor skal vi bo i natt?

Tanna her er slett og glatt!

Å jeg er så sint så sint

at jeg nesten flyr i flint!

Men det er nok ingen råd,


for vi er så altfor små.

Vi er trette begge to,

men har ingen sted å bo.

Bildene er henta frå Karius og Baktus, Cappelen Damm.

Januar 2023



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
52							1 1. nyttårsdag
1	2 Planleggingsdag, bhg er stengt.	3 Marius 2 år! 	4	5	6	7	8
2	9	10	11	12	13	14	15
3	16	17	18	19	20	21	22
4	23/30	24/31	25	26	27	28	29

KARIUS OG BAKTUS

Karius og Baktus er brødre som bur inne i tennene til Jens. Dei er kjempeglade i alt som er søtt og usunt. Dei samarbeider og støttar kvarandre i kampen mot tannbørsten til Jens. Barn blir nok fasinert av desse to karane, og kan lett kjenne på sympati for dei. Korleis kan vi forholde oss til det?

Kvifor får vi hol i tennene, og kvifor dannar det seg bakteriar? Kva kan vi gjere for å unngå mest mogleg av dette? Vi må pusse tennene kvar morgon, og kvar kveld, på same måten som at vi må vaske, dusje eller bade kroppen vår, for å halde den rein. Tannstell og generelt stell av kroppen vår, blir derfor fokus denne månaden.

Vi kan ha speil på avdelingane, slik at barna kan få studere sine egne tenner. Korleis brukar vi munnen egentleg? Vi kan øve på munnmotorikk ved å t.d blåse bobler. Kanskje vi kan få tak i ein stor modell av tennene, slik tannlegane har, og dermed vise korleis vi skal pusse tennene våre? Vi kan finne bilder av ulike dyretenner, og samanlikne med mennesketenner, lese bøker om temaet tenner osv.

I løpet av februar, skal vi arrangere karneval, med figurar frå Egners verden. Korleis vi skal gjere det, lage kostymer o.l., vil det kome meir info om seinare.



Jeg trodde det var veldig vondt

Og var så veldig spent

På om jeg hadde pusset tenner riktig

For det er nemlig veldig, veldig viktig

Refr.

Det blir ikke hull i en tann som er ren

Og tennene de pusser vi jo en etter en

Og godteri spiser vi bare til fest


Sånn en gang i uka er best





Det er flaut, det er flaut, det er flaut, flaut ,flaut

Å bare kunne tygge graut

* 1 planleggingsdag i løpet av veke 8.

Februar 2023



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
5			1	2	3	4 Noa 3 år! 	5
6	6	7	8	9	10	11	12
7	13	14 Lukas 3 år! 	15 Omar 4 år! 	16	17	18 David 6 år! 	19
8 *	20	21	22	23	24	25	26
9	27	28 Nicolaus 4 år!  Fredrik 2 år! 					

KARIUS OG BAKTUS

Vi held fram med Karius og Baktus i mars og. I boka må Jens til tannlegen, han har ikkje pussa tennene og har fått hol. Tannlegen kan heldigvis hjelpe. Vi vil vi prøve å få til tannlegebesøk for 3-åringane denne månaden. Dette er noko barna synest er veldig spanande og kanskje litt skummelt. Erfaringsvis ser vi at dette kan hjelpe på til seinare besøk hos tannlegen. Barna får sjå seg om, sitje i tannlegestolen og stille spørsmål om dei ønskjer det. Tannpleier fortel litt om kva dei gjer på tannlegekontoret, samt kor viktig det er at vi tek vare på tennene våre.

Det er viktig at barna lærer om sunne matvaner og god hygiene. Dette påverkar tannhelsa vår i stor grad. I barnehagen oppfordrar vi foreldra til å ha med grovt brød og sunt pålegg i matpakka. Vatn i drikkeflaska er det beste da saft og juice ikkje er bra for tennene våre, og kan i verste fall gi syreskader. I vår barnehage får barna sunne alternativ til bursdagsmat, som smoothie, supper, graut eller frukt- og grønnsakstallerken.



Puss, puss,

så får du en suss.


Puss, så får du en suss.

Hver eneste tann,

med børste og vann.

Puss, så får du en suss.

Mars 2023




VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
9			1	2	3 Ole Petter 5 år! 	4	5 Aleah 2 år! 
10	6	7	8 Annabelle 6 år! 	9 Magnus 5 år! 	10 Olai 4 år! 	11	12
11	13	14	15	16	17 Jonas J. 6 år! 	18	19
12	20	21	22	23	24 Martin 6 år! Planleggingsdag, bhg er stengt. 	25	26
13	27	28	29	30	31		

KARDEMOMME BY

I Rørstadmarka barnehage skal vi denne månaden lære meir om historia frå Kardemomme by. Dette er nok ei kjend bok av Torbjørn Egner. Den har faktisk fått ein heil by oppbygd i Kristiansand Dyrepark, og har mange besøkande kvart år.

Vi skal bli kjend med dei ulike figurane i boka, om både bra folk og røvarar, om dei talande dyra og elles litt om kva som skjer i byen. I byen skjer det nemleg mykje rart. Ingen dagar er like, og mykje rart skjer. Litt sånn er det i barnehagen også.

Det er politimester Bastian som har laga den fine lova dei skal leve etter i Kardemomme by, Kardemommelova. Og når alle innbyggjarane lever etter den, er Kardemomme by verkeleg verdas aller beste by!






Bildene er henta frå Folk og røvere i Kardemomme by, Cappelen Damm.

*«Jeg er politimester Bastian
og er en vennlig mann,
for det syns jeg man skal
være hvis man kan.
og jeg går omkring og
passer på
at alle har det bra,
for det synes jeg at alle
skulle ha.
Jeg har laget en
Kardemomme-lov,
som er for byen vår.
Og i denne Kardemomme-
loven står:
«Man skal ikke plage andre,
man skal være grei og snill,
og for øvrig kan man gjøre
hva man vil!»*



April 2023



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
13						1	2
14	3 Påkestengt	4 Påkestengt	5 Ole 5 år! Påkestengt	 6 Skjærtorsdag, bhg stengt.	7 Langfredag, bhg stengt.	8	9
15	10 2.påskedag, bhg stengt	11	12	13	14	15	16
16	17	18	19	20	21 Liane 6 år! 	22	23
17	24	25	26	27	28	29	30

KARDEMOMME BY

«Vi lister oss så stilt på tå(...)» syng røverane Kasper, Jesper og Jonatan. Vi skal også ut å liste oss, men vi skal nok ikkje gå så veldig stilt. I mai skal vi nemleg ut å gå i 17-mai tog. Og då må vi synge, rope hurraropet til barnehagen og prøve å gå fint på rekkje! I Kardemomme by finns det eit orkester som spelar mange fine songar. Barna i Rørstadmarka skal øve på mange av desse songane. Kanskje blir det nokre Egner melodiar i toget? Kanskje har nokre av barna laga egne instrument dei og?

Uavhengig av alder kan alle barn øve på å gå på rekkje, i takt/utakt, øve på høgre og venstre, øve på dikt og rim/regler og gode moglegheiter for språklære gjennom tekst. Og med musikk, song og dans får barna øve på rytme, rørsle og å uttrykke seg gjennom song! Dette er godt for den grunnleggande utviklinga av refleksar (spesielt for dei yngste), sansar, motorikk, hørsel og syn.



Bildet er henta frå Folk og røvere i Kardemomme by, Cappelen Damm.

*Vi vil synge hurra-sangen vår
hurra hurra*

*For de tre som var røvere i går
Hurra hurra!*

*De er fri alle tre –
som vi ser, som vi ser,
for de er ikke røvere mer –
ikke mer.*

*De har mot som ingen annen,
klatret opp og slukket brannen.
De skal ha et hurra eller fler!
Hurra hurra!*

*Og den ene blir brannmestermann
hurra hurra*


*Og får jakke med gullsnor og rand
Hurra hurra!*

*Vi får sirkus med flott direktør
direktør*

*Og en løve vi kjenner fra før
kjenner fra før.*

*Og herr Jonatan blir baker,
han skal bake pepperkaker
bake kaker med sukker og smør
hurra hurra!*

Mai 2023



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
18	1 Offentleg høgtidsdag, barnehagen stengt	2 Michelle 6 år! 	3	4	5	6	7
19	8	9	10	11	12	13	14
20	15	16	17 Grunnlovsdag, barnehagen stengt	18 Kristi Himmelfartsdag, barnehagen stengt	19 Planleggingsdag, bhg er stengt.	20	21
21	22	23 Elisha 5 år! 	24	25	26	27 Pinseften	28 Pinsedag
22	29 2. pinsedag, barnehagen stengt.	30	31				

KARDEMOMME BY

Juni er sommarmånad i barnehagen, og det skal nytast for fullt før ferien. Med skogen og vatnet som nære turmål håpar vi på mykje utetid i og utanfor barnehagen. Gjennom tårnet sitt kan Tobias melde om vær frå fjernt til nær. I år håpar vi at han kan melde berre fint vær over Rørstadmarka barnehage. Kanskje vi må ut å melde været sjølv, før vi skal ut for å leike. For været fortel oss kva klede vi skal ta på og kanskje til og med kva aktivitetar vi kan gjere på.

Juni er også tid for sommarfest for store og små – i år håpar vi at barna sjølve vil være hovudpersonar når vi stiller med framsyning av innøvde songar og snutt henta i eventyret frå «Kardemomme by». Tobias har erklært at Kasper er den flinkaste brannmannen han har sett, og difor har han utropt at Kasper blir brannmann i Kardemomme by – kanskje Kasper vil melde om brannøving i barnehagen vår?



Bildet er henta frå Folk og røvere i Kardemomme by, Cappelen Damm.

Visen om været

*Når det lakker i mot høst,
og det blåser i fra øst,
blir det regn og ruskevær
både her og både der.
Og i Kardemomme by
søker alle folk i ly
hvis man ikke har en diger paraply.*

*Kommer vinden i fra nord
og det blåser og det snor,
da er vinteren like her,
og vi trenger tykke klær.
Den som ikke da vil gå
med de tykke klærne på,
kommer til å fryse nesa nesten blå.*

*Kommer vinden i fra vest
Kan det bli en farlig blest.
Den kan komme ganske fort
så man nesten blåser bort.
Den som da har paraply,
han kan komme til å fly,
så han nesten blåser bort fra våres by.*

*Men når vinden står fra sør
blir jeg straks i godt humør.
For da er det lett å spå
for da pleier vi å få
deilig sol og sommer her,
Og jeg roper til enhver:
«Hallo, hallo,
nå blir det deilig sommervær!»*

Juni 2023



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
22				1	2	3	4 Tuva 5 år! 
23	5	6 Ella 2 år! 	7	8	9 Mateusz 5 år! 	10	11
24	12	13	14 Trym 5 år! 	15	16	17	18
25	19	20	21	22	23	24	25
26	26	27	28 Zofia 5 år! 	29 Sigurd 6 år! 	30		

JULI



SOMMARKLUBB!

Juli måned er det tid for ferieavvikling for både barna og personalet i barnehagen. Talet på barn og voksne krympar, og vi slår gjerne avdelingane saman. Det er litt spennande å bli betre kjent på tvers av avdelingane, både med andre barn og voksne. Vi kallar det for sommarklubb!

På sommarklubb har vi turar og utflukter, har samlingar og aktivitetar. Vi håper på ein varm og fin juli måned, hugs solkrem, handduk, solhatt og drikkeflaske!

Barnehagen er stengt i veke 28 og 29.

Blomster små,

Gule, blå

titter opp av marken nå

Vinker til Marihøna-lill

For dei er så snill!

Blomster små,

Gule, blå

titter opp av marken nå

Vinker til Humla-lill

For dei er så snill!

Blomster små,

Gule, blå

titter opp av marken nå

Vinker til Bikuba-lill

For dei er så snill!

Blomster små,

Gule, blå


titter opp av marken nå









Vinker til Utegruppa-lill

For dei er så snill!



Juli 2023



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
26						1	2 Emil 5 år! 
27	3	4	5	6	7	8	9
28	10	11	12	13	14 Ledvin 6 år! 	15 Micaiah 3 år! 	16
29	17 Phillip 3 år! 	18	19 Ine 2 år! 	20	21 Eline 3 år! 	22	23
30	24/31 Pauline 6 år! 	25 Kaja 3 år! 	26	27	28	29	30


AUGUST

1. august startar nytt barnehageår. Nye barn står klare til å fylle plassane til dei barna som har slutta. Det er ei tid for nye tilknytningar mellom barn og vaksne i barnehagen.

Leik og vennskap er viktig og saman med aktive vaksne har vi fokus på å skape gode relasjonar i lag. Det blir også turer i nærmiljøet til barnehagen.



August 2023



VEKE	MANDAG	TIRSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LØRDAG	SØNDAG
31		1	2	3	4	5	6
32	7	8 Olav 5 år!	9	10 Torje 4 år! Celina 6 år!	11 Håkon 5 år!	12	13
33	14	15	16	17	18	19	20
34	21	22	23 Ravn 4 år!	24	25	26	27
35	28	29	30	31 Mathilde S. 3 år!			

OVERGANGAR

HEIM - BARNEHAGE

Om våren inviterer vi nye barn og foreldre til å kome på besøk her i barnehagen. Da får ein helse på personale, sjå seg rundt i barnehagen og møte andre som skal begynne til hausten.

Når barnet begynner i barnehage skal barnehagen legge til rette for at barnet får ein trygg og god start. Dei første dagane er svært korte, og vi vurderer saman med foreldra kor tid dei kan dra. Det skal skje ei tilknytning mellom det nye barnet, personalet og dei andre barna.

MELLOM AVDELINGAR

Mot slutten av barnehageåret er det klart korleis dei nye barnegruppene kjem til å bli neste barnehageår. Dei barna som skal bytte avdeling, besøker si «nye» avdeling saman med ein vaksen frå si avdeling. Slik får barna tid og rom til å bli betre kjent med andre barn og personale.

BARNEHAGE - SKULE

For å få til ein god overgang frå barnehage til skule har vi eit samarbeid med skulen barna skal begynne på. Det blir arrangert ulike treff der barna får leike saman med skulebarn, møte vaksne som jobbar der og sjå seg rundt både inne på skulen og bli kjent med skulen sitt uteområde.

I lag med Måseide barnehage har vi mange barn som skal begynne ved Rørstadmarka skule dette året. I samarbeid med skulen lagar vi eit samarbeid gjennom året som skal sikre at barna blir litt kjent med skulen og med dei barna dei skal bli førsteklasingar i lag med. Barn som soknar til andre skular i kommunen får følgje det samarbeidet dei legg opp til med barnehagane.



BARNEHAGERUTE

Barnehagane i Sula har fem planleggingsdagar kvart barnehageår. Desse dagane er barnehagen stengt.

2022—2023

Månad	Merknad
2021	
August	Første dag i nytt barnehageår er mandag 1. august. Planleggingsdag torsdag 18. august. Barnehagen er stengt på planleggingsdagane.
September	
Oktober	Barnehagen har ope i haustferien veke 41 (10. - 14. oktober)
November	
Desember	Siste dag i barnehage før jul: fredag 23. desember. Barnehagane har stengt arbeidsdagane mellom jul og nyttår.
2022	
Januar	Planleggingsdag mandag 2. januar. Første dag i barnehagen etter jul: tirsdag 3. januar
Februar	Barnehagane har ope i vinterferien veke 8 (20. - 24. februar) Planleggingsdag (___ ein av dagane i vinterferien). Barnehagane er stengt på planleggingsdagen.
Mars	Planleggingsdag fredag 24. mars. Barnehagen er stengt på planleggingsdagen.
April	Barnehagane har stengt arbeidsdagane i påskeveka (3.—10. april). Første dag etter påske: Tirsdag 11. april.
Mai	Planleggingsdag fredag 19. mai. Barnehagane er stengt på planleggingsdagen.
Juni	
Juli	Barnehagen er har stengt i veke 28 og 29.
August	Siste dag for barna dette barnehageåret er mandag 31. juli. Nytt barnehageår startar tirsdag 1. august.

